




FORSVARSBYGG



ÅRSRAPPORT 2019

1

Rapport frå leiaren

s. 4

2

Introduksjon til verksemda og nøkkeltal

s. 8

Dei store tala	s. 10
Forsvarsbygg sitt samfunnsoppdrag	s. 12
Organisasjon og leiing	s. 12
Samarbeid med andre	s. 13
Måla våre	s. 13
Nøkkeltal	s. 13
Organisasjonskart	s. 14
Vår plass i forsvarssektoren	s. 15



3

Årets aktivitetar og resultat

s. 16


Samla vurdering	s. 18
Forsvarsbygg sitt målbilete	s. 19
Mål L1	s. 20
Mål L2	s. 21
Mål L3	s. 23
Mål Ø1	s. 25
Mål I1	s. 26
Rapport for ressursbruk	s. 29
Bemanningssituasjonen vår	s. 30
Totale driftskostnader	s. 31

4

Styring og kontroll

s. 32

Styringssystem	s. 34
Mål- og resultatstyring	s. 34
Risikostyring og intern kontroll	s. 34
Riksrevisjonen	s. 34
Verksemdeskultur og integritetsbygging	s. 34
Porteføljestyring	s. 35
Tryggleik og beredskap	s. 35
Informasjonstryggleik og personvern	s. 35
Digitalisering	s. 35
Inkludering i arbeidslivet	s. 36
Dugnad for arbeidslivskriminalitet	s. 36



5

Framtidsutsikter

s. 38


Mål L1	s. 40
Mål L2	s. 40
Mål L3	s. 40
Mål Ø1	s. 41
Mål I1	s. 41

6

Årsrekneskap

s. 42

Kommentar frå leiinga til årsrekneskapen for 2019	s. 44
Årsrekneskap med notar	s. 45



- 1 Akershus festning
- 2 Oppgradering og bygging av radaranlegg over heile landet
- 3 Rein indre hamn i Horten
- 4 Hjerkinn – den største naturrestaureringa i noregshistoria
- 5 Vi er der forsøret er
- 6 Testforsøk i det internasjonale samarbeidet SHIELD 15. august
- 7 Ny base for redningshelikopter i Banak i Lakselv stod klar i august
- 8 Nye vedlikeholdsfasilitetar og kaianlegg for ubåtar
- 9 Kaserne tilpassa ålmenn verneplikt på Haakonsvern
- 10 Grunnsteinen til hovudbygget for f-35 på Evenes vart lagd ned 2. september

1

Rapport frå leiaren

FORSVARET

Vi har sytt for gode leveransar til Forsvaret, og gjennom dette bidrøge til auka kampkraft og berekraft.

Rapport frå leiaren

Gode resultat gjennom kontinuerleg forbetring

Produksjonen har gjennom året vore høg. Forsvarsbygg har levert effektive og operative eigedomar, bygg og anlegg til Forsvaret. Dette bidreg til auka kampkraft, og vi tek aktivt del i utviklinga av eit berekraftig og framtdsretta norsk forsvar.

Innan utgangen av 2020 skal vi effektivisere for ein kvart milliard kroner, for å frigjere midlar til høgare prioriterte oppgåver i forsvarssektoren. I år har vi gjennom ulike effektiviserings- og forbetringstiltak ytterlegare effektivisert våre leveransar og tenester med 73 millionar kroner. Dei siste tre åra har vi samla redusert kostnadene våre med 172 millionar kroner, og vi ligg dermed godt an sett opp mot planen.

Ein beredskapsorganisasjon

Eigedom, bygg og anlegg (EBA) er viktige innsatsfaktorar både i fred, krise og krig. Forsvarsbygg har derfor ei viktig rolle som tilretteleggjar av nødvendig EBA og infrastruktur til trening og øvingar for Forsvaret. I 2019 deltok vi i øvinga Polaris Gram. Dette var ei stabsøving der føremålet var å perfeksjonere planverket i forsvarssektoren, og ho var samtidig ein del av NATO-øvinga Trident Jupiter 2019. Røynslene frå desse øvingane er tekne inn i planlegginga av den store øvinga Cold response, som skal gå føre seg i 2020. Deltakinga frå Forsvarsbygg viser at vi er ein relevant medspelar som er til å gripe, gjennom å stø opp om Forsvaret i deira trening og øvingar for både eigne og allierte styrkar.

Fornying og auka operativ evne for Forsvaret

Byggjeprosjekt for om lag 4 milliardar vart gjennomførte i 2019, til avtalt kvalitet og innanfor dei gjevne rammene. Vi ferdigstilte 16 investeringsprosjekt, blant anna medisinsk lager og feltsjukehus på Sessvollmoen, undervisningslokale på Høybuktmoen, fornying av bustader på Sørreisa og ny base for redningshelikoptertenesta på Banak i Lakselv.

Viktige leveransar til auka operativ evne er oppstart for etablering av nye kapasitetar for luftromsovervakning, framleis utbygging av kampflybase på Ørland og framskoten base for kampfly og nye maritime patruljefly på Evenes, infrastruktur og vedlikehaldsfasilitetar for nye ubåtar på Haakonsvern, og oppbygging av Finnmark landforsvar og garnison Porsangmoen.

I tillegg har vi utarbeidd avgjerdsgrunnlag for nye prosjekt i storleksordenen tre milliardar kroner. Vi har også sendt den statlege reguleringsplanen for Evenes til Kommunal- og moderniseringdepartementet for sluttbehandling.

I 2020 legg regjeringa fram ny langtidsplan for forsvarssektoren. I den samanhengen har Forsvarssjefen lagt fram for sitt fagmilitære råd korleis det norske forsvaret bør sjå ut framover. Eigedom, bygg og anlegg er ein viktig føresetnad for ein ønskt forsvarsstruktur, og fagmiljøa våre har delteke aktivt i arbeidet med fagmilitært råd.

Eit endra trusselbilete krev at Forsvarsbygg heile tida tilpassar verksemda. Vi har i 2019 justert tryggleiksorganisasjonen vår gjennom å samle fagkompetansen i større miljø, og styrkt arbeidet med førebyggjande tryggleik, prosjektryggleik, graderte anskaffingar og informasjonstryggleiksstyring.

Utvikling og verdibevaring

Med over 13 000 bygg og anlegg spreidde over heile landet forvaltar Forsvarsbygg den største offentlege eigedomsporteføljen i Noreg. Å finne ein god balanse i porteføljen, slik at Forsvaret har det dei treng for verksemda si, er den viktigaste oppgåva vår. I 2019 har vi gjennomført vedlikehaldsprosjekt for om lag ein halv milliard kroner, som er på same nivå som fjoråret. I tillegg kjem ekstra oppdrag for om lag 580 millionar kroner, som omfattar alliert trening, førebuingar til øvinga Cold response 2020, brukarstyrte EBA-tiltak, og oppdrag utanfor forsvarssektoren. EBA som skal vidareførast i den framtidige basestrukturen til Forsvaret, og som har mykje å seie for den samla operative evna og beredskapen i forsvarssektoren, har prioritet når vi planlegg ressursinnsatsen. Det er likevel ei utfordring å halde oppe tilstandsgraden på forsvarssektoren sin samla bygningsmasse.

Vi har hatt høg produksjon gjennom året, og trass i at vi har utfordringar med å utnytte tilgjengelege investeringsrammer fullt ut, bidreg vi til at vedtekten forsvarsstruktur i alt vesentleg kan etablerast som føresett.

I 2019 selde vi forsvareigedomar for 268 millionar kroner. Salsinntektene bestod primært av bustadsal-

og avsluttande oppgjer for leigeinntekter på Bodø lufthavn. Forsvarssektoren har framleis behov for å avhende mykje EBA dei neste åra for å finansiere inneverande langtidsplan, og for å bidra til finansiering av forsvarsstrukturen for neste langtidsperiode.

Vi har nok ein gong sett publikumsrekord på festningane, med 4,4 millionar besökjande. Dette gjer festningane til nokre av dei mest besøkte reisemåla i Noreg.

Ein berekraftig forsvarssektor

Utbygginga av den nye kampflybasen vedkjem rundt halvparten av befolkninga på Ørland, anten det gjeld grunnerverv, innløysing eller støytiltak. Alle tiltak som går fram av reguleringsføreseggnene er gjennomførte innanfor fristen, med unntak av nokre få der det er gjeve utsett frist frå kommunen og Fylkesmannen. Dei tiltaka som står att, vil bli gjennomførte i 2020.

Hjerkinn-prosjektet er den største naturrestaureringa av norsk fjellnatur i noregshistoria, og Forsvarsbygg si tilbakeføring av tidlegare skyte- og øvingsfelt har stor nasjonal og internasjonal interesse. I 2019 presenterte vi Hjerkinn-prosjektet på ein miljø-konferanse i Cape Town med over 900 deltakarar frå 66 land. Under Oslo arkitekturriennale, den største arkitekturfestivalen i Norden, var det premiere på filmen «Landscape healing», som følgjer naturrestaureringa på Hjerkinn og fleire av ryddeprosjekta våre i tidlegare skyte- og øvingsfelt over heile landet. Filmen er produsert av 3RW-arkitekter, og er regissert av den tidlegare BAFTA-nominerte Richard John Seymour.

Forsvarsbygg har slutta seg til dei ti strakstiltaka i egedomssektoren sitt vegkart mot 2050. Dette er eit viktig steg for miljøarbeidet og ansvaret vårt for å redusere energibruken og klimagassutsleppa i forsvarssektoren. Vi har sidan 2015 redusert det årlege forbruket av mineralolje til oppvarming av bygg med om lag 87 prosent, og kom nesten i mål med 100 prosent utfasing av fossilt brensel til oppvarming av bygg innan utgangen av 2019. Det står berre att tre lokasjonar, der manglande utfasing kjem av at tiltaka inngår i store infrastrukturprosjekt som går over lang tid. Vi har i desse tilfella fått dispensasjon frå dei kommunane det gjeld.

Kontinuerleg forbetring

Forsvarsbygg sitt vegkart for forbettingsarbeid fram mot 2021 er grunnmuren for å byggje ein kultur for kontinuerleg forbetring. Vi har i 2019 etablert nye interne utviklingsmål med tilhøyrande strategiske satsingsområde. Vi jobbar strukturer med lean-metodikk for å identifisere og gjennomføre effektive forbetingstiltak. Ein sentral del av forbettingsarbeidet er digitalisering av prosessane våre.

Forsvarsbygg har levert eit godt økonomisk resultat innanfor ramma av forsvarleg forvaltning og krava forsvarssektoren har til haldninga, etikk og leiing. Den overordna fråsegna frå internrevisjonen stadfester at Forsvarsbygg er i positiv utvikling, og at delar av styrings-systemet vårt beveger seg mot beste praksis og kontinuerleg forbetring. Riksrevisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen til Forsvarsbygg for 2018.

Vi har ein ambisjon om å bli leiande på offentlege anskaffingar og bruke posisjonen vår i marknaden til å syte for prisefektive anskaffingar. Samtidig skal viktige samfunnsansvar varetakast. I 2019 har vi styrkt oppfølginga av leverandørane våre og innsatsen mot arbeidslivskriminalitet.

Vi har i 2019 vist at eigedom, bygg og anlegg er ein premiss for utviklinga av ønskt forsvarsstruktur, og at Forsvarsbygg er ein viktig beredskapsorganisasjon for Forsvaret. Slik bidreg vi til å bygge forsvarsevne, kvar dag.



Svein Thorbjørn Thoresen,
direktør Forsvarsbygg

2


Introduksjon til verksemda og hovudtal





Forsvarsbygg er eit statleg
forvaltningsorgan underlagd
Forsvarsdepartementet.
Vi utviklar, byggjer, driftar
og avhendar eigedom for
forsvarssektoren.

JARFJORD GRENSESTASJON



9,2

Forsvarsbygg sine totale kostnader var 9,2 milliardar kroner.



368

Aktive investeringsprosjekt i ulike fasar.



13

Talet på tilført personell fordelt på 13 prosjekter.




4,1

Forsvarsbygg forvaltar ein bygningsmasse på 4 120 587 kvadratmeter.




12 870

Forsvarsbygg forvaltar 12 870 bygg og anlegg i heile landet.



4,

4,4 milliona besøkte festningene våre i fjor.



Forsvarsbygg sitt samfunnsoppdrag

Forsvarsbygg byggjer forsvarsevne kvar dag. Vi bidreg til kampkraft og berekraft i forsvarssektoren, ved at Forsvaret har eigedom, bygg og anlegg (EBA) tilpassa behova sine. Vi vel kostnadseffektive løysingar innanfor alle delar av verksemda vår som gjer at vi frigjer ressursar til å styrke Forsvaret si kjerneverksem. Rådgjeving innan sikring av bygg, kulturminnevern og avhending er også viktige bidrag til å frigjere midlar for å styrke den operative evna til Forsvaret. Forsvarsbygg sine aktivitetar har ringverknader for innbyggjarar i heile Noreg, både i og utanfor Forsvaret.

Den husleigebaserte forvaltningsmodellen til forsvarssektoren er vedteken av Stortinget, og synlegjer kostnadene for EBA. Det er Forsvarsdepartementet som eig eigedomane i forsvarssektoren, og avgjer korleis desse skal brukast og utviklast. Forsvarsbygg har ansvaret for å utvikle, byggje, vedlikehalde og drifta EBA som forsvarssektoren betaler leige for. Forsvaret er leigetakar og brukar, og prioriterer og stiller krav ut frå behova sine.

Vi planlegg, byggjer, forvaltar og driftar

Forsvarsbygg varetek EBA-en til forsvarssektoren. Vi syter for alle oppgåver knytte til utvikling, bygging, utelege, eigedomsforvaltning, drift og vedlikehald. Vi trenar og øver med Forsvaret, slik at vi også har beredskap for å levere i krise og krig.

Vi vernar og sikrar bygg og anlegg

Forsvarsbygg ved Nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg (NKS) er rådgjevaren forsvarssektoren og staten bruker for vern og sikring av EBA mot eksplosjonsulykker, terrorhandlingar, spionasje, sabotasje og annan kriminalitet. NKS er det leiande miljøet i landet for å utvikle kunnskap og løysingar som bidreg til eit tryggare Noreg.

Vi avhendar eigedom

Forsvarsbygg avhendar militære eigedomar som Forsvaret ikkje lenger treng. Avhendinga omfattar alt frå sal til miljøopprydding, tilrettelegging for sivil bruk og prosessen fram til nye eigarar tek over. Dette tilfører midlar til forsvarsbudsjettet og fritek forsvarssektoren for framtidig drifts- og oppryddingsansvar.

Vi tek vare på kulturminne og skaper nytt liv på historisk grunn

Både verna og ikkje-verna bygningsmasse utgjer ein viktig samfunnsmessig ressurs med stort potensial. Den kulturminnegraflege rådgjevinga vår bidreg til løysingar for å vareta kulturminneinteresser og sameine verneomsyn med optimal bruksfunksjon. Vi forvaltar og utviklar dei nasjonale festningane, og syter for at desse er tilgjengelege for publikum heile året.

Vi tek vare på miljøet

Forsvarsbygg har eit særleg ansvar for miljøutfordringane i forsvarssektoren. Vi har den fremste kompetansen i landet på miljøutfordringar innanfor forureining og støy frå militær aktivitet og øvingar. Stadig meir spesialiserte krav for forsvarssektoren blir varetekne og oppfylte.

Organisasjon og leiing

Forsvarsbygg er i dag den største offentlege eigedomsaktøren i Noreg. Vi varetek behova til Forsvaret gjennom planmessig vedlikehald og fornying av den totale eigedomsporteføljen med 12 870 bygg og anlegg, på totalt 4 120 587 kvadratmeter bygningsmasse, fordelt over heile landet. Dei totale kostnadene for 2019 var på 9,2 milliardar kroner. Sidan 2001 har vi avhenda over 3 millionar kvadratmeter ikkje føremålstenleg eigedom. Sal av eigedom har gjort at forsvarssektoren har fått tilbakeført 5,4 milliardar kroner netto til å styrke den operative evna til Forsvaret. Vi har 1389 tilsette fordelte på 1330 årsverk. Vi er til stades der Forsvaret er, i 343 av dei 422 kommunane i landet. Hovudkontoret vårt er i Oslo.

Byggje- og rehabiliteringsprosjekta våre spenner breitt frå bustader, forlegningar og kontorbygg til anlegg for nye sensorar for militær luftromsovervakning og ny kampflybase med støttefunksjonar og infrastruktur. Ny base for redningshelikopter er på plass i Banak i Lakselv, og på Haakonsvern byggjer vi nytt bygg for ei av dei spesialiserte avdelingane i Forsvaret. Prosjekta blir gjennomførte innan vedtekne rammer for økonomi, tid og kvalitet.

I 2019 hadde vi om lag 368 større og mindre investeringsprosjekt i ulike fasar over heile landet. Vi investerer for om lag 3 milliardar kroner årleg.

Samarbeid med andre

Vi samarbeider tett med andre etatar i forsvarssektoren, mellom anna om forsking og utvikling på sikring av EBA. Vi har rammeavtalar med profesjonelle aktørar i EBA-bransjen knytte til byggjeprosjekta våre.

MÅLA VÅRE

- L1** Stø opp om den operative evna og beredskapen til forsvarssektoren
- L2** Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporføljen
- L3** God forvaltning av EBA i forsvarssektoren
- Ø1** Målretta og effektiv bruk av midlar
- I1** Kontinuerleg forbetring og effektivisering

For å nå desse måla har vi sett oss fire interne mål i tillegg. Desse måla blir varetekne av etatssjef og blir ikkje rapporterte til Forsvarsdepartementet.

- Miljøriktig planlegging, utvikling, forvaltning og avhending av EBA i forsvarssektoren
- Sikre omdømme, posisjon og gode kunderelasjonar
- Vere ein attraktiv arbeidsplass
- Riktig kompetanse til rett tid: Kapasitet, kompetanse, leiing og kultur.

NØKKELTAL

År	2019	2018	2017	2016
Talet på årsverk	1 330	1 266	1 228	1 297
Samla tildeling post 01–99 (mill kroner)	7 851	7 706	7 537	7 643
Utnyttingsgrad post 01–29	112 %	106 %	98 %	103 %
Sum driftskostnader (mill kroner)	6 369	6 544	5 638	6 033
Delen investeringar	41 %	44 %	46 %	44,4 %
Lønsdel av driftskostnader	14 %	12 %	15 %	16,3 %
Lønskostnader per årsverk (heile tusen)	683	662	709	758

Indeksregulerte tal for tidlegare år

Seld forsvarseigedom for (mill. kroner)	317	697	735	370
Investeringsaktivitet i eigne bygg og anlegg (mill. kr)	2 863	2 717	2 595	2 746
Driftsresultat overført til Forsvarsdepartementet	-238	-220	-352	679

Organisasjonen per 31.12.2019



DIREKTØR

Svein Thorbjørn Thoresen

STAB



ASSISTERANDE DIREKTØR

Camilla Mathiesen

AVDELINGAR



PROSJEKT OG AVHENDING

Vigdis Kampenes



EIGEDOMSFORVALTNING

David Halvorsen



RESSURSSENTER

Linn Rålien Westersø



ANSKAFFINGAR

Marit Kristiansen

Vår plass i forsvars- sektoren



STORTINGET



FORSVARSDEPARTEMENTET



FORSVARET



FORSVARETS FORSKINGSIN-
STITUTT



FORSVARSBYGG



FORSVARSMATERIELL

FORSVAR- SEKTOREN

Forsvaret er Forsvardsdepartementet sin største underliggende etat med ansvar for styrkeproduksjon og dei ulike våpengreinene.

Forsvarets forskningsinstitutt (FFI) har til føremål å drive forsking og utvikling for Forsvaret sine behov. FFI skal vere den politiske og militære leiinga i Forsvaret sin rådgjevar i faglege spørsmål innanfor instituttet sitt arbeidsområde.


Forsvarsmateriell står Forsvardsdepartementet og Forsvaret i planlegginga av framtidige nyanskaffingar av våpensystem og materiell.

Kjelde: Regjeringen.no



3

Årets aktivitetar og resultat



*Forsvarsbygg har utnytta
ressursane på ein god måte
og nådd effektiviseringskravet.
Vi har forseinkingar i enkelte
prosjekt i porteføljen, men ser
effekt av tiltaka vi har sett i
gang for å auke produksjonen.
Porteføljen blir framleis ikkje
vurdert å vere berekraftig.
Vi utviklar beredskapsplan-
verk som svarer ut Forsvaret
sine behov, og har delteke i
Forsvaret sine øvingar. Vi har
formidla kunnskap om sikring
av eigedom, bygg og anlegg
til samfunnet og levert gode
resultat på miljøvenlege
løysingar.*

Samla vurdering

Vi har god måloppnåing på to av fem mål, og vurderer samla resultat til godt.

Ressursbruk

Dei totale kostnadene for 2019 var på 9,2 milliardar kroner. Av dette er 6,4 milliardar driftskostnader og 2,8 milliardar investeringar på eigedom, bygg og anlegg. Midlane er brukte målretta på eigedom, bygg og anlegg som står opp om Forsvaret si operative evne og ein berekraftig eigedomsportefølje. For 2019 har vi hatt ein auke i driftskostnadene på 128 millionar kroner, som kjem av auka driftsaktivitet.

Vare- og tenestekjøp utgjer 69 prosent av dei totale kostnadene i 2019, inkludert anlegg under utføring. Dette er ein reduksjon på to prosentpoeng samanlikna med 2018. Delen lønskostnader var 13 prosent, opp eitt prosentpoeng frå fjoråret. Andre kostnader utgjorde fire prosent, ein auke på eitt prosentpoeng. Avskrivningar på varige driftsmiddel var totalt 14 prosent, likt som i 2018.

Rekneskapen

Kontantrekneskapen for 2019 viser 238 millionar kroner høgare driftsutgifter enn driftsinntekter. Dette er 154 millionar kroner mindre enn tillaten meirutgift på 392 millionar kroner, og måloppnåinga for årsresultatet på drift er dermed god. Effektiviseringskravet for 2019 vart innfridd.

Miljø

Forsvarsbygg har sidan tidleg på 2000-talet jobba med å fase ut bruk av fossilt brensel til oppvarming av bygg og anlegg. Bruken av fyringsolje var ved utgangen av 2019 redusert til 2,1 prosent av det totale energiforbruket. Vi planlegg å vere heilt ferdige med all utfasing av fossilt brensel innan utgangen av 2023.

Effekt for forsvarssektoren og samfunnet

Vi overleverte 16 byggjeprosjekt til Forsvaret i løpet av året av i alt 368 prosjekt som er i arbeid i ulike fasar. Basert på røynsler frå øving Trident Juncture 2018, har Forsvarsbygg gjennomført førebuingar til øvinga Cold response 2020. Vi har saman med Forsvaret vidareutvikla øvingsplanverket, og styrkt rolla vår som beredskapsaktør.

Oppstart for etablering av nye kapasitetar for luftromsovervakning, framleis utbygging av kampflybase

på Ørland og framskoten base for kampfly og nye maritime patruljefly på Evenes, infrastruktur og vedlikehaldsfasilitetar for nye ubåtar på Haakonsvern, og i tillegg oppbygging av Finnmark landforsvar og garnison Porsangmoen. var prioriterte prosjekt for å stø opp om operativ evne og beredskap.

Vi har utført vedlikehald på bygningsmassen og prioritert EBA som blir vidareført i den framtidige basestrukturen til Forsvaret, og som har mykje å seie for den samla operative evna og beredskapen i forsvarssektoren.

Vi bidreg til å skape nytt liv på historisk grunn ved å leggje til rette for aktivitet på dei nasjonale festningsverka. Festningane vart i 2019 besøkte av 4,4 millionar menneske, ein auke på 300 000 frå året før.

Vi avhendar eigedom som Forsvaret ikkje lenger skal bruke. Gjennom sal og miljøsanering bidreg vi til at tidlegare militære eigedomar blir tilgjengelege for ny sivil bruk. Etter at kostnader til riving, sikring og miljøsanering er trekte frå, leverte vi om lag 268 millionar kroner tilbake til forsvarsbudsjettet til bruk for høgare prioriterte føremål i forsvarssektoren. Avhending av overflødig eigedom bidreg også til å redusere dei samla driftskostnadene til eigedom, bygg og anlegg som forsvarssektoren har.

At vi er til stades over store delar av landet, gjer oss til ein viktig bidragsyta for både lokal og nasjonal sysselsetjing. Samarbeidsavtalen med Skatteetaten har vore brukt aktivt i 2019, og vi har henta inn og vurdert over 100 utvida skatteattestar. Vi har brukt sanksjonsmoglegitetene i kontraktane for å få retta opp avvik, og restansar på skatt og avgifter har vorte betalte etter kontroll av utvida skatteattest.

Forsvarsbygg har i 2019 arbeidd vidare med å byggje ein kultur for kontinuerleg forbeting. Ein av dei viktigaste aktivitetane i løpet av året har vore å implementere eit vegkart for forbettingsarbeidet i organisasjonen.

Forsvarsbygg sitt målbilete

VURDERINGSKRITERIUM

- God
- Akseptabelt
- Ikke akseptabelt
- Tryggingsgradert

	L	L1	L2	L3
LEVERANSAR		Stø opp om den operative evna og beredskapen til forsvarssektoren	Langsiktig vidare-utvikling av eigedomsporføljen	God forvaltning av eigedomar, bygg og anlegg som tilhører forsvarssektoren
ØKONOMI	Ø		Ø1	Målretta og effektiv bruk av midlar
INTERNE PROSESSAR			1	Kontinuerleg forbetring og effektivisering

Mål L1 Stø opp om den operative evna og beredskapen til Forsvaret

Forsvarsbygg skal stø opp om Forsvaret si operative evne og beredskap i tråd med dei krava som til kvar tid blir stilte gjennom instruksar og retningslinjer for forsvarssektoren innanfor området. Forsvaret skal syte for at støtte frå etaten til Forsvaret si operative evne og beredskap inngår som ein integrert del av verksamhetsstyringa til Forsvarsbygg.

Forsvarsbygg skal ha oppdaterte beredskapsplanar og gjennomføre relevante beredskapsførebuingar med grunnlag i definerte oppgåver, slik at etaten har ein fullt ut tilfredsstillande beredskap. I tråd med behova i forsvarssektoren, skal Forsvarsbygg aktivt delta i beredskapsøvingar. Det skal vidare gjevast prioritet til aktivitet som stør nasjonal og alliert operativ planlegging, og i tillegg etter oppdrag, stø forsvarssektoren og sivile styresmakter sitt arbeid innanfor tryggleik med vekt på vern og sikring av eigedom, bygg og anlegg. Forsvarsbygg skal på oppdrag stø Forsvaret og andre etatar med å lage ei heilskapleg oversikt over status for vernetiltak, og å implementere og/eller bidra til å implementere tiltak for deira skjermingsverdige objekt. Vurdering av måloppnåing baserer seg på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg si evne til å løyse oppdrag i tråd med definerte krav.

Samla vurdering av måloppnåing

Delar av rapporteringa på dette målet er tryggleiksgradert. Det er derfor berre eit ugradert utdrag som blir presentert i årsrapporten.

Forsvarsbygg har gjennom året arbeidd førebuingane til øvinga Cold response 2020, basert på røynsler frå øvinga Trident Juncture 2018. Vi har saman med Forsvaret vidareutvikla det operative planverket, og saman med totalforsvaret styrkt rolla vår som beredskapsaktør.

Vi har i løpet av 2019 gjennomført fortifikatoriske kontrollar av prioriterte operative anlegg i samsvar med planen. Objektryggingsarbeidet held fram kontinuerleg, og vil frå 2020 utvidast til også å vareta infrastrukturtryggleik.

Årets sikringskonferanse samla 300 deltagarar frå offentleg og privat sektor. Temaet for årets sikringskonferanse var ny tryggleikslov, kor viktig sikring i eit samfunnsperspektiv og næringslivet si rolle i etableringa av eit sikrare samfunn.

I 2019 har vi styrkt og reorganisert tryggleiksorganisasjonen i tråd med risikobiletet. Med ny tryggleiksorganisering vil vi auke kapasiteten og få meir ut av eksisterande ressursar, slik at vi kan vidareutvikle tryggleikskulturen og levere tenester i tråd med forventningane i forsvarssektoren. Tilpassinga til ny tryggleikslov er gjennomført som del av omorganiseringa av tryggleiksorganisasjonen.

Styring av informasjonstryggleik inngår som ein del av styringssystemet til verksemda. Vi gjennomfører årlege risiko- og sårbarheitsanalysar for å vareta konfidensialitet, integritet og tilgjenge av informasjon.

Resultatkrov

L1.1 Beredskap for å stø opp om den operative evna til forsvarssektoren

Forsvarsbygg skal oppfylle krava til styrkestruktur, komplett operativ organisasjonsplan, operativt planverk, hovudplan og einingsplan, og beredskapskrav og klartider.

AMBISJON 2019

Føremålet med parameteren er å kvalitativt måle vår evne til å bidra til forsvarssektoren si operative evne og beredskap.

RESULTAT 2019

Målloppnåinga blir ikkje rapportert i årsrapporten då informasjonen er rekna for å vere skjermingsverdig. Styringsparameter L1.1 (Beredskap for å stø opp om den operative evna til forsvarssektoren) for 2019 og 2018 er begge N/A.

L1.2 Evne til å stø opp om objekttryggleiken i forsvarssektoren

Vi skal stø Forsvaret og andre etatar i forsvarssektoren for å vareta tryggleiskslova sine krav til sikring av skjermingsverdige objekt. Det inneber å lage ei heilskapleg oversikt over status for permanente sikringstiltak i etterkant av oppdrag, og å planleggje og etablere ytterlegare sikringstiltak for dei skjermingsverdige objekta verksemdene har i samsvar med krava i tryggleikslova.

AMBISJON 2019

Vi skal ha kapasitet og kompetanse til å levere tilstrekkelege tenester på dei oppdraga vi tek mot.

RESULTAT 2019

Måloppnåinga blir ikkje rapportert i årsrapporten då informasjonen er rekna for å vere skjermingsverdig. Styringsparameter L1.2 (Evne til å stø opp om objekttryggleiken i forsvarssektoren) for 2019 og 2018 er begge N/A.

Mål L2 Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporføljen

Forsvarsbygg skal stø opp om ei berekraftig og kostnadseffektiv utvikling av Forsvaret ved at eigedomsporføljen er i samsvar med vedteken struktur i iverksetjingsbrevet for langtidsplanen 2017–2020. Mot 2020 skal vi effektivisere og tilpasse eigedomsporføljen i tråd med strukturutviklingar i iverksetjingsbrevet.

Det inneber å utarbeide gode planar, gjennomføre kostnadseffektive investeringar og å avhende utrangert EBA inkludert riving og miljøopprydding. Forsvarsbygg skal vere ein god rådgjevar for forsvarssektoren i val av EBA-løysingar. Vi skal bidra til å utvikle og tilpasse eigedomane til forsvarssektoren sine endra behov ved å tilby nøkterne og fleksible løysingar. Måloppnåinga baserer seg på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg si evne til planlegging, rådgjeving og gjennomføring av vedtekne investerings- og avhendingsprosjekt.

Samla vurdering av måloppnåing

Vi leverer akseptabelt på målet i 2019.

Vi overleverte 16 byggjeprosjekt til Forsvaret i løpet av året, og ferdigstilte 79 avgjerdsgrunnlag, til eit samla kostnadsestimat på 3,1 milliardar kroner. Forsvarsbygg har det siste året fått gjennomføringsoppdrag for EBA til nye sensorar for militær luftromsovervaking, EBA til nye ubåtar på Haakonsvern og EBA til maritime patruljefly og Quick Reaction Alert (F-35 kampfly) på Evenes.

Vi har i all hovudsak levert på investeringane i tråd med vedteken strukturutvikling i inneverande lang-

tidsplan for Forsvaret. Auka grunnbemanning og innleige av ressursar har hatt effekt i 2019 og bidrege til auka produksjon. Tiltaka vil bli vidareførte i 2020. Forsvarsbygg har eit ansvar for at Forsvaret sine arealbruks-interesser blir varetekne i sivil arealplanlegging. I tillegg til at vi har behandla eit stort tal reguleringsplanar og nabovarsel, handterte vi i 2019 om lag 600 innkomande sivile arealplansaker, medrekna kommune-planar, vindkraftsaker og verneplanar.

Investeringsprosjekt:

ØRLAND, EVENES OG VÆRNES

Utbygginga av kampflybasen på Ørland er vårt største utviklingsprosjekt nokosinne. Prosjekta er i all hovudsak gjennomførte i samsvar med oppdraget gjeve av Forsvarsdepartementet.

Utbygginga av kampflybasen på Evenes og utviklinga av Værnes ligg noko etter plan. Årsaka på Evenes er blant anna endra plassering av hangar for nye maritime patruljefly. Forsvarsbygg har saman med Forsvaret og Avinor kome fram til ei felles løysing for plassering av hangaren. Forseinkingane på Værnes kjem blant anna av høge prisar i marknaden, og at kostnadene for nytt drivstoffanlegg må opp til ny behandling i Stortinget. I 2019 er det inngått kontraktar i samband med utbygginga på Evenes for over éin milliard kroner.

Investeringsprosjekt: UBÅT

I 2019 har investeringsprosjekta i samband med nye ubåtar gått i samsvar med planen. I juni fekk Forsvarsbygg gjennomføringsoppdraget frå Forsvarsdepartementet om å etablere vedlikehaldsfasilitetar på Haakonsvern for dei fire nye ubåtane til Noreg. EBA-fasilitetane skal vere operative innan Forsvaret får dei nye ubåtane i 2025/2026.

Investeringsprosjekt:

SKJERMINGSVERDIGE OBJEKTET (SVO)

I 2019 har arbeidet med sikring av skjermingsverdige objekt vorte framskunda.

Eigedom, bygg og anlegg til alliert trening og øving

Forsvarsbygg har støtta Forsvaret og Forsvarsdepartementet i prosessar knytte til mottak av styrkar til alliert trening og øving, blant anna ved å etablere campar på Skjold og Elvegårdsmoen.

Utgreiings- og rådgjevingsstøtte i forsvarssektoren

Forsvarsbygg står Forsvarsdepartementet og Forsvaret

med kontinuerleg langtidsplanlegging. I løpet av 2019 har Forsvarsbygg bidrige i arbeidet med Forsvarssjefen fagmilitære råd med rådgjeving, eigendomsinformasjon, utgreiingar, konsekvenskildringar og kostnads-berekningar. I samband med Forsvarsdepartementet si utarbeiding av langtidsplan for forsvarssektoren for perioden 2021–2024, har vi i 2019 levert ei utgreiing av Bodø-regionen, moglegheitsstudiar for Bardufoss og Porsangmoen, og ei utgreiing for skyte- og øvingsfelt. Vi vil halde fram å bidra til arbeidet med ny langtidsplan i 2020. På plan- og rådgjeversida har vi støttå Forsvars-departementet og Forsvaret med vurderingar knytte til alliert øving og trening i Indre Troms og utgreiingar knytte til EBA-behov på Rena og Indre Troms. I 2019 utarbeidde vi leirplanar for Rygge, Værnes, Haakonsvern og Lutvann. Vi har også støttå Forsvarets forskingsinstitutt og Forsvars-departementet i arbeidet med forbetring og effektivisering i neste langtidsperiode, blant anna med forslag til tiltak for å effektivisere forsvarssektoren sin egedomsportefølje.

Utfasing av fossilt brensel

Forsvarsbygg har sidan tidleg på 2000-talet jobba med å fase ut bruk av fossilt brensel til oppvarming av bygg og anlegg, og Forsvarsbygg har sidan 2016 fasa ut totalt 113 oljefyringsanlegg. I 2019 var det totalt 55 prosjekt for utfasing av mineralolje til oppvarming av bygg, unntake bustadprosjekt. Vi har også gjennomført mellombelse tiltak for utfasing av oljefyring på Rygge og Værnes. Vi har ikkje nådd målsetnaden om å fase ut all mineralolje til oppvarming innan 1. januar 2020. Vi har fått dispensasjon for dei attståande lokasjonane Bodø, Evenes og Haakonsvern, i påvente av planlagd utrangering eller gjennomføring av infrastrukturprosjekt. Vi planlegg å vere ferdige med all utfasing av fossilt brensel seinast innan utløpet av dispensasjonsperioden i 2023.

Avhending

Vi har innfridd krava i avhendingsplanen for året. Eit stort tal bustader er selde, og brannstasjonen på Bardufoss og eit depotbygg på Haakonsvern er rive.

Resultatkrav

SP L2.1 Byggjeprosjekt ferdigstilte til avtalt tid
Føremålet med styringsparametrar er at brukarane kan ta i bruk EBA i samsvar med behovet og at prosjekta blir gjennomførte mest mogleg kostnads-effektivt.

AMBISJON 2019

90 prosent av ferdigstilte (overlevert til brukar) prosjekt skal vere leverte på tidspunkt for avtalt overlevering i gjennomføringsoppdraget. Styrings-parameteren var ny i 2019.

RESULTAT 2019

Målloppnåinga er ikkje akseptabel.

Styringsparameter L2.1	2019
Ferdigstilte prosjekt leverte på tidspunkt for avtalt overlevering.	50 %

Det er overlevert 16 EBA-prosjekt i 2019. Åtte investeringsprosjekt er overleverte brukar på tid med formell overleveringsforretning, fire prosjekt er leverte på tid, men med forseinka formell overleveringsforretning og fire prosjekt er overleverte med forseinka overleverings-tidspunkt. Forsvarsbygg erfarer at ferdigstillingsdato, og det er ulik praksis for dato for overlevering av prosjekt i prosjektporleføljen. Dette medfører at vi kan rapportere forseinka overlevering sjølv om brukar har teke EBA i bruk.

SP L2.2 Gjennomsnittleg sluttkostnad innanfor P50

Føremålet er å måle at det er tilstrekkeleg samsvar mellom utrekna sannsyn for prosjektkostnad og verkeleg prosjektkostnad (sluttkostnad), og om det er tilstrekkeleg kontroll med uvissstyringa i prosjekta.

AMBISJON 2019

Forsvarsbygg skal ha ei god berekna uvissespreiing. Samla sluttkostnad for porleføljen av ferdigstilte prosjekt siste år, delt på samla styringsramme for dei same prosjekta, skal ikkje overstige 1 (100 prosent). Parameteren vart endra i 2019.

RESULTAT 2019

Målloppnåinga er god.

Styringsparameter L2.2	2019
Samla sluttkostnad for porleføljen av ferdigstilte prosjekt siste år, delt på samla styringsramme for dei same prosjekta, skal ikkje overstige 1 (100 prosent).	98 %

SP L2.3 Investeringskostnad per kvm

Forsvarsbygg skal planleggje og ferdigstille bygg med nøktern standard og tilfredsstillande kvalitet til riktig kostnad.

AMBISJON 2019

Redusere kostnadene med 4 prosent samanlikna med prisnivå 1. juli 2016 (5 prosent innan 2020).

RESULTAT 2019

Målloppnåinga er god.

Styringsparameter L2.3	2019	2018	2017
Kostnadene i investeringsprosjekta skal reduserast for definerte byggkategoriar.	-12 %	-3 %	8 % (berre eitt prosjekt i utvalet)

SP L2.4 Delen generelle kostnader

Føremålet med styringsparametren er å redusere Forsvarsbygg sin gjennomføringskostnad ved gjennomføring av investeringsprosjekta. Desse blir rapporterte som del av totalkostnaden ved investeringsprosjekta basert på kostnadsoppstilling i samsvar med Norsk Standard (NS3451).

AMBISJON 2019

Generelle kostnader skal ikkje overstige 18 prosent av totale prosjektkostnader.

RESULTAT 2019

Målloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter L2.4	2019	2018	2017
Generelle kostnader skal ikkje overstige 18 prosent av totale prosjektkostnader.	19 %	24 %	21 %

Sp L2.5 Utfasing av fossil olje innan 2020

Måleparameteren er kubikkmeter fossil fyringsolje forbrukt i forsvarssektoren per kalenderår. Estimert forbruk i 2015 var 3 840 kubikkmeter. All bruk av fossil fyringsolje skal vere utfasa innan 1. januar 2020. Fossil fyringsolje til grunnlast skal vere utfasa innan 31. desember 2018.

AMBISJON 2019

All bruk av fossil brensel til grunnlast er opphørt.

RESULTAT 2019

Målloppnåinga er ikkje akseptabel.

Styringsparameter L2.5	2019	2018	2017
Reduksjon av fossil fyringsolje	1484 m ³	2050 m ³	2514 m ³

Mål L3 God forvaltning av EBA i forsvarssektoren

Vi varetok verdiene i eigedomsporteføljen. Dette vil seie å halde ved lag bruksverdi, økonomisk verdi og verneverdi, med prioritet på bruksverdi for Forsvaret. Det overordna målet for eigedomsforvaltninga er at all ressursbruk skal resultere i funksjonell EBA som tilfredsstiller brukarane sine behov innanfor best mogleg totaløkonomi i forsvarssektoren.

Mot 2020 skal vi sikre berekraftig og kostnadseffektiv varetaking av EBA i forsvarssektoren gjennom ei langsigkt verdibearande forvaltning av eigedomsporteføljen. Ressursinnsatsen skal sikre å vareta lovpålagde krav for heile porteføljen, og prioriterast mot bruksverdi på basar som har ein viktig funksjon for Forsvaret si operative evne og beredskap. Vi skal gje råd, utarbeide planar og gjennomføre tiltak som sikrar optimal ressursutnytting.

Vurdering av målloppnåing baserer seg på ei heilskapleg vurdering av evna vår til planlegging, rådgjeving og gjennomføring av tiltak. Dette for å sikre optimal ressursutnytting for at bruksverdi i forsvarssektoren blir halden oppe og at ein varetek lovpålagde krav.

Samla vurdering av målloppnåing

Målloppnåinga er vurdert til akseptabel.

Forsvarsbygg prioriterer tilgjengelege vedlikehaldsmidlar til operativ eigedom, bygg og anlegg. I 2019 har vi gjennomført vedlikehald for om lag 609,1 millionar kroner. 84 prosent av midlane har gått til planlagde vedlikehaldstiltak, og er i samsvar med målkravet.

Tilstandsgraden har hatt ei negativ utvikling dei seinare åra, og vi forventar inga forbetring av tilstanden på porteføljenivå for 2020. Alderen på dagens eigedom, bygg og anlegg gjer at vi dei neste ti åra står framfor eit stort behov for fornying. Mengda oppdukkande vedlikehald har derfor vore aukande, men nødvendig for å unngå svikt, driftsavbrot eller andre uønskte konsekvensar.

Festningane

4,4 millionar menneske besøkte festningane i 2019. Dette er ny publikumsrekord, og stadfester posisjonen festningane våre har blant dei mest besøkte reise-

måla i Noreg. Opplevingsbasert verdiskaping er eit satsingsområde mot målet om å oppnå større grad av sjølvfinansiering. I tillegg har Forsvarsbygg jobba for å inngå samarbeid med sivile investorar, som kan bidra til å setje bygg i stand til ny verksemd. Forsvarsbygg leverte i 2019 ei utgreiing om festningsverka si evne til sjølvfinansiering til Forsvarsdepartementet.

Ålmenn verneplikt

Forsvarsbygg har i 2019 fått 10 millionar kroner for å leggje til rette for ålmenn verneplikt. Midlane har i år gjeve Hæren nye dusj- og toalettloysingar på Porsangmoen og Elvegårdsmoen. To prosjekt på Skjold er vortne forseinka, men vil bli gjennomførte i 2020.

Elektronisk sikring

I 2019 har Forsvarsbygg styrkt kompetansen innanfor elektronisk sikring, og inngjekk i august ein ny leveranse-avtale med Forsvarsstaben. Den nye avtalen sikrar ei planmessig og føreseieleg drift av Forsvarets anlegg.

Skadar på eigedom, bygg og anlegg

I 2019 er det registrert skadar på eigedom, bygg og anlegg for 23,2 millionar kroner. Desse skal utbetraast og finansierast over husleiga frå Forsvaret. Skadane kjem blant anna av nyttårsstormen på Ørland og eksplosjonen i helikopterhangaren på Høybuktmoen, utløyst av lynnedslag.

Energi

Energileiing består av tekniske tiltak, energioppfølging på drift av tekniske system, og rådgjeving om brukaråtferd, som bidreg til lågare energibruk. Energiforbruk i 2019 er redusert med 7 prosent (42,5 GWh) sammenlikna med same periode i 2016, og tilsvarer om lag 8 millionar kroner. Forsvarsbygg leverte i 2019 ei konseptutgreiing for innovative energi- og klimaloysingar i bygg, område og energisystem. Utgreiinga inneheldt tilrådingar for tiltak slik at eigedomsmarknaden kan bidra med fleksibilitet til energimarknaden. Vi vil i 2020 teste ut nokre av desse tilrådingane.

Telelosji

Telelosji inneber alle former for plassering av elektronisk utstyr for kommunikasjon eller distribusjon av data og telekommunikasjon, og radio/TV-signal frå kommersielle aktørar på Forsvaret sine eigedomar. Forsvarsbygg har i 2019 innvilga 46 søknader om telelosji, og inngått 12 kontraktar med sivile leverandørar av data- og telekommunikasjon.

Resultatkrov

L3.1 Gjennomføre planmessig vedlikehald Parameteren måler kor stor del av vedlikehaldsmidlar som er nytta til planlagt vedlikehald i forhold til totalt tilgjengelege vedlikehaldsmidlar (rekneskapstal), og kor mykje av totale verdibevaringsmidlar som går til verdibevaring.

AMBISJON 2019

- A: Vi skal sikre at minimum 80 prosent av dei totale vedlikehaldsinntektene i husleiga går til planlagt vedlikehald av bygg og anlegg.
 B: Vi skal sikre at minimum 73 prosent av dei totale verdibevaringsmidlane blir nytta til verdibevaring.
 Målt første gong i 2019.

RESULTAT 2019

Målloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter L3.1	2019	2018	2017
A: Delen gjennomført planmessig vedlikehald	83,7 %	75 %	82 %
B: Verdibevaringsmidlar (kostnader) nytta til verdibevaring/totale husleigeinntekter	72,9 %		

L3.2 Effektiv EBA-utnytting i forsvarssektoren

Parameteren måler kor stor del av den totale bygg- og anleggsporteføljen som ikkje er utleigd i forhold til total forvalta portefølje.

AMBISJON 2019

- Vi skal følgje opp at dei bygga, eigedomane og anlegga som forsvarssektoren disponerer, i så stor grad som mogleg, er i bruk – eller blir raskt avhenda. Kravet er mindre enn 4,5 prosent ikkje utleigd areal.

RESULTAT 2019

Målloppnåinga er god.

Styringsparameter L3.2	2019	2018	2017	2016
Totalt ikkje utleigd areal	2,89 %	5,1 %	5,6 %	8,5 %

*Blir berekna slik: Talet på kvadratmeter forvalta utan leigeinntekter / totalt tal kvm forvalta i forsvarssektoren * 100 prosent.*

Mål Ø1 Målretta og effektiv bruk av midlar

Forsvarsbygg skal ha god økonomistyring i eit årleg og fleirårig perspektiv slik at tildelte midlar blir brukte nøkternt og effektivt i tråd med føresetnadene i IVB LTP2017–2020. Forsvarsbygg skal optimalisere drifta og syte for best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar, basert på nøktern framferd i eit heilskapleg perspektiv. Forsvarsbygg skal ha oversikt over konsekvensane av budsjettbalanserande tiltak og kome med forslag til tiltak og prioriteringar, medrekna om tiltaka er mellombelse eller varige. Forsvarsbygg skal bidra med effektiviseringstiltak og syte for å ta ut sin del av vinstpotensialet som eit ledd i å finansiere langtidsplanen for forsvarssektoren. Vurderinga av måloppnåing baserer seg på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg sitt økonomiske resultat og samla leveransar. God styring og kontroll og evna til å oppnå forventa årsresultat skal leggjast vekt på i vurderinga.

Samla vurdering av måloppnåing

Vi leverer godt på målet i 2019.

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk: Kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen, og periodisert verksemdeksrekneskap etter statlege reknesaksstandardar (SRS). Måloppnåinga i Forsvarsbygg er basert på kontantrekneskapen, og er delt inn i styringsparametrar for årsresultat på drift, investering, avhending og vinstrealisering.

Den periodiserte verksemdeksrekneskapen for 2019 viser eit overskot på 156 millionar kroner, mot eit budsjettet overskot på 262 millionar kroner. Avviket kjem av høgare husleigekostnader hovudsakleg på grunn av høg aktivitet knytt til vedlikehald i siste periode av året, og av lågare avhendingsinntekter.

Kontantrekneskapen for 2019 viser 238 millionar kroner høgare driftsutgifter enn driftsinntekter. Dette er 154 millionar kroner mindre enn tillaten meir-utgift på 392 millionar kroner, og måloppnåinga for årsresultatet på drift er dermed god. Måloppnåinga for årsresultat på investering består av utgifter til nybygg og nyanlegg, og kampflybaseprosjektet på Ørland. Forsvarsbygg hadde ei mindreutgift knytt til investeringar i 2019 på 570 millionar kroner. Av desse er 373

millionar kroner knytte til nybygg og anlegg, mens 194 millionar kroner er knytte til kampflybaseprosjektet på Ørland. Mindreutgifta kjem av forseinkingar og periodiseringsavvik, og av at tilgangen på prosjekt i prosjektopporteføljen for nybygg og anlegg har vore for liten i forhold til den økonomiske ramma. Mindreutgifta på kampflybaseprosjektet kjem i hovudsak av forseinkingar på grunn av behov for ny anbodsrunde, og av forseinka framdrift på støyttiltak utanfor basen, som følgje av lengre behandlingstid hos kommune og fylkesmannen. Måloppnåinga for årsresultatet på investering blir vurdert som ikkje akseptabel fordi tiltak for å nå ramma ikkje har hatt tilstrekkeleg effekt.

Forsvarsbygg si måloppnåing for årsresultatet på avhending er god. Det er betalt inn 268 millionar i 2019, noko som er 4 millionar kroner over målkravet. Forsvarsbygg har høgt fokus på forbetrings- og effektiviseringstiltak, og det er krav om at Forsvarsbygg skal effektivisere for til saman 253,7 millionar 2016-kroner i årlege innsparinger innan utgangen av langtidsperioden 2017–2020. Realiserte vinstar skal vere varige og kunne omprioriterast til høgare prioriterte føremål i forsvarssektoren. For 2019 har Forsvarsbygg levert over målkravet til effektivisering.

Resultatkrev

Ø1.1 Årsresultat drift

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle prosentvis avvik mellom tildeling og forventa forbruk innanfor drift.

AMBISJON 2019

Avviket frå ramma skal vere mindre enn eller lik fem prosent.

RESULTAT 2019

Måloppnåing for driftsløyvinga er god.

Styringsparameter Ø1.1	2019	2018
Kapittel 1710/4710, post 01 – Forsvarsbygg sitt driftskapittel	3,25 %	1,91 %

Ø1.2 Årsresultat investering

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle avvik mellom tildeling og forventa forbruk innanfor investeringsperspektivet.

AMBISJON 2019

Avviket frå ramma skal vere mindre enn eller lik fem prosent.

RESULTAT 2019

Målloppnåing er samla sett vurdert til ikkje akseptabel.

Styringsparameter Ø1.2	2019	2018
Kapittel 1710, post 47 – Nybygg og anlegg	15,12 %	11,23 %
Kapittel 1761, post 47 - Kampflybase	15,11 %	0,39 %
Kapittel 4710, post 47 – Sal av eigedom, bygg og anlegg*	–*	0,15 %
Samla avvik frå ramme	15,11 %	8,37 %*

* Styringsparameter for sal av eigedom og bygg og anlegg er skilt ut som ein eigen styringsparameter for 2019. Det er derfor ikkje 1:1 samanlikning mellom 2019 og 2018.

Ø1.3 Årsresultat Avhending

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle avvik mellom inntektskrav og avhendingsinntekter.

AMBISJON 2019

Avviket frå ramma skal vere inntil 10 prosent.

RESULTAT 2019

Målloppnåing er samla sett vurdert til god.

Styringsparameter Ø1.3	2019	2018
Kapittel 4710, post 47 – Årsresultat avhending	1,4 %	0,15 %

Ø1.4 Vinstrealisering

Forsvarsbygg skal frigjere minimum 270 millionar 2019-kroner i perioden 2017–2020, gjennom tiltak knytte til effektivisering, i tråd med årlege resultatkrav.

AMBISJON 2019

Forsvarsbygg skal frigjere minimum 188 millionar kroner ved utgangen av 2019.

RESULTAT 2019

Målloppnåinga er god.

Styringsparameter Ø1.3	2019*	2018*
Drift	86 mill.	49 mill.
Investering	107 mill.	50 mill.
Samla vinst	193 mill.	99 mill.

* Tala er akkumulerte.

Mål 11 Kontinuerleg forbetring og effektivisering

Vi skal ved systematisk og kontinuerleg forbetningsarbeid legge opp til effektivisering i alle ledd i verksemda og medverke til effektivisering i andre delar av forsvarssektoren. Fram mot 2020 skal vedtekne effektiviseringstiltak gjennomførast og det skal etablerast ei systematisk tilnærming til kontinuerleg forbetring basert på felles metodikk for forsvarssektoren. I arbeidet med kontinuerleg forbetring og effektivisering skal det spesielt leggjast vekt på å vidareutvikle standardiserte løysingar og effektive leiings-, stabs-, og støtteprosessar. Vi skal etablere og utøve kontinuerleg forbetring basert på ei systematisk og heilskapleg tilnærming i eit sektorperspektiv. Realisering av igangsette og identifisering av nye effektiviserings-tiltak skal leggjast vekt på.

Samla vurdering av målloppnåing

Vi leverer godt på målet i 2019.

Forsvarsbygg har i 2019 arbeidd vidare med å byggje ein kultur for kontinuerleg forbetring. Vi bruker Lean-metodikk til dette arbeidet, gjennom eit internt program kalla Flyt. Ein av dei viktigaste aktivitetane i løpet av året har vore å implementere eit vegkart for kontinuerleg forbetring i organisasjonen. Vegkartet er verktøyet vårt for å auke modninga i organisasjonen innanfor kontinuerleg forbetring.

I løpet av 2019 har alle leiarane våre gjennomført opplæring i lean-leiing. Dette ser vi på som avgjerande for å leie forbetningsarbeidet vidare i organisasjonen. Alle medarbeidarar har fått grunnopplæring i lean-metodikk, og vi har vidareført lokale initiativ i den enkelte avdelinga og seksjonen. Dette gjer vi for å forsterke ein ønskt kultur, der alle jobbar kontinuerleg for å forbetre oppgåver og prosessar som ein del av den overordna oppdragsløysinga. Vi har også gjennomført verdistraumsanalysar på utvalde prosessar, slik at vi kan standardisere desse på tvers av organisasjonen. Engasjementet for kontinuerleg forbetring i organisasjonen har ført til ein monaleg auke i talet på forbetningsforslag samanlikna med fjaråret. Vi vil halde fram arbeidet med Flyt-programmet og vegkartet for kontinuerleg forbetring i 2020, og leggje særleg vekt på å identifisere vinstar og effektar. I løpet av året har vi gjort organisatoriske endringar

for å effektivisere og tilpasse leveransane behova Forsvaret har. Vi har blant anna omorganisert prosjektverksemda etter kva forsvarskapasitetar dei stør opp om.

Forsvarsbygg ser digitalisering i samanheng med kontinuerleg forbeting. Digitalisering og bruk av digitale verktøy er ofte ein føresetnad for å gjennomføre ønskte forbeteringar. Forsvarsbygg har i 2019 styrkt den strategiske satsinga på digitalisering, og innarbeidd digitalisering i verksemssstrategien. Vi jobbar saman med Forsvarsmateriell, Forsvaret og Forsvarets forskingsinstitutt for å auke arbeidet med kontinuerleg forbeting i forsvarssektoren.

Resultatkrav

SP I1.1 Kontinuerleg forbeting

Resultatet blir vurdert etter evne til å identifisere nye forbeteringstiltak, gjennomføre vedtekne tiltak og stø opp om og leggje til rette for vedtekne effektiviseringstiltak i andre delar av forsvarssektoren. Dette inkluderer at vi skal bidra til å identifisere nye effektiviseringstiltak i andre delar av forsvarssektoren. Det inneber også ei tydeleg og kompetent leiing og styring, leiarforankring og formidling av arbeidet med vinstrealisering og effektivisering.

AMBISJON 2019

Parameteren skal ha god måloppnåing.

RESULTAT 2019

Målloppnåinga er god.

Styringsparameter I1.1	2019
Kontinuerleg forbeting	God



Rapport for ressursbruk

I 2019 hadde Forsvarsbygg totale driftsinntekter på 6,5 milliardar kroner. I tillegg er det nytta løyingar på 2 863 millionar kroner til finansiering av investeringar på eigedom bygg og anlegg. Forsvarsbygg har eit driftsresultat på 156 millionar kroner. Totalt er dette ein auke på 260 millionar kroner frå 2018. Auken kjem av høgare sals- og leigeinntekter, men også ein reduksjon i andre drifts-inntekter som følgje av ekstraordinære salsinntekter ved avhending for 2018. I tillegg er det noko lågare inntekter på løyingar knytte til investering på eigedom, bygg og anlegg, som følgje av lågare produksjon samanlikna med 2018. Endringar i inntektene påverkar kostnadsfordelinga i ressursbruken for 2019 då auka sals- og leigeinntekter har ein noko større del løn og personalkostnader enn løvingsprosjekt samanlikna med tidlegare periode.

Kostnader

Dei totale kostnadene for 2019 var 9 230¹ millionar kroner. Av dette er det gjennomført investeringar på eigedom, bygg og anlegg for totalt 2 863 millionar kroner, som blir balanseført. Dei totale driftskostnadene for 2019 var 6 368 millionar kroner. Dette er ein auke på 128 millionar kroner frå 2018. Årsaka til endringa frå 2018 er ein reduksjon på tre prosent i vare- og tenestekjøp og ein auke på åtte prosent for løns- og pensjonskostnader. I tillegg kjem ein auke på andre driftskostnader på 14 prosent, og fem prosent auke i av- og nedskrivingskostnader på EBA.

Totale kostnader per innsatsfaktor

Vare- og tenestekjøp utgjer 69 prosent av dei totale kostnadene i 2019, inkludert anlegg under utføring. Dette er ein reduksjon på to prosentpoeng samanlikna med 2018. Delen av dei samla lønskostnadene var 13 prosent, opp eitt prosentpoeng frå fjoråret. Andre kostnader utgjorde fire prosent, likt med 2018. Avskrivningar på varige driftsmiddel var totalt 14 prosent, og likt som i 2018.

Kostnadene som kunne påverkast, utan av- og nedskrivningar relatert til EBA-investeringar, utgjorde totalt 7 926 millionar kroner. Fordelt på innsatsfaktorane utgjorde vare- og tenestekjøp 80 prosent av dei totale kostnadene. Dette er ein reduksjon på to prosentpoeng sett opp mot 2018. Løn utgjorde totalt 15 prosent, ein auke på eitt prosentpoeng samanlikna med 2018. Andre driftskostnader utgjorde fem prosent, ein auke på eitt prosentpoeng frå 2018.

Totalt vare- og tenestekjøp fordelt på kontonivå

Det er i 2019 utgiftsført kostnader på vare- og tenestekjøp for totalt 6 339 millionar, av desse er 2 863 millionar balanseførte. Vidare klassifisering av varekjøp viser at 84 prosent av varekjøpa var knytt til framandyting og underentreprise, ni prosent til gjennomstrøymingskostnader og sju prosent til direkte kostnader på drift, der innleige utgjer 53 prosent av desse. Alle vare- og tenestekjøp blir bokførte direkte på prosjekta i dei ulike produktområda.

Totale kostnader per produktområde²

Totale kostnader har hatt ein reduksjon på 0,3 prosent frå 2018. Totalt er det nytta 3 417 millionar kroner til drift- og investeringsløyingar i 2019, ein reduksjon på seks prosent frå 2018. Oppdragsfinansierte kostnader har hatt ein auke på 17 prosent, som følgje av høgare oppdragsmengd utanfor forsvarssektoren.

Dei totale kostnadene knytte til husleigeavtalane for 2019 er på 2 862 millionar kroner. Dette er ein auke frå 2018 på seks prosent, og kjem i hovudsak av høgar e produksjon og avskrivingskostnader. I 2019 har vi nytta 1255 millionar til forvaltning, drift og vedlikehald og utviklingskostnader av EBA. Forsyningskostnader utgjorde ni prosent av dei totale kostnadene, og består i hovudsak av gjennomstrøymingskostnader. Dette er ein reduksjon på ti prosent frå 2018. Tilleggstenester utgjorde 14 prosent av dei totale kostnadene, ein lik del som i 2018. Dei totale avhendingskostnadene utgjer 204 millionar kroner, ei endring på éin prosent frå 2018. Kostnader forbundne med bustad og kvarter har ein auke på éin prosent, og skriv seg i hovudsak frå gjennomstrøymingskostnader.

1 Totale kostnader inkluderer anlegg under utføring (AUU).

2 Alle produktområda er knytte til eigne avtalar, og kan ha ulike finansieringskjelder i statsrekneskapen.

Bemanningssituasjonen vår

Årsverksutvikling

Ved utgangen av 2019 var det totalt 1 389 tilsette og 1330 årsverk i Forsvarsbygg. Dette er ein liten auke frå 2018, og kjem av auka oppdragsmengd.

Av dei fast tilsette er 98,9 prosent tilsette sivilt, og 1,1 prosent er militære. Av den totale arbeidsstokken er 6,0 prosent mellombelte stillingar. Dette er ein liten auke frå 2018. Forsvarsbygg ligg godt innanfor lands-gjennomsnittet, som ligg på 7,9 prosent i 2019 innanfor alle næringar. Deltidstilsette utgjorde 6,4 prosent av arbeidsstyrken i 2019. Dette er langt under lands-gjennomsnittet på 25 prosent.

Forsvarsbygg hadde i 2019 ein turnover på 9,0 prosent, tilsvarande som i 2018.



Sjukefråvær

Sjukefråværet i Forsvarsbygg enda i 2019 på 4,4 prosent, tilsvarande sjukefråværet i 2018. Måltalset for sjukefråvær i Forsvarsbygg i 2019 var 5 prosent eller lågare.


Dei fem siste åra har Forsvarsbygg hatt ein stabil nedgang i sjukefråværet for kvart år, trass i fleire store omstillingar i same periode. Vi har jobba systematisk over tid med å utvikle gode sjukefråvær-rutinar, og med opplæring av leiarar i vanskelege sjukefråværssaker og tiltak for inkluderande arbeidsliv. Forsvarsbygg sitt skreddarsydde HMS-kurs og nyutvikla leiaropplæringsprogram har også vore viktige faktorar i arbeidet.

Talet på tilsette og årsverk

Inkludert pensjonistar, sjukevitarar og timeløna





Totale driftskostnader i perioden 2016–2019



Totale driftskostnader per innsatsfaktor




Totale varekjøp fordelt på kontonivå



4



Styring og kontroll

A photograph of a construction crane's lattice-boom arm extending diagonally across a sky filled with warm orange and yellow hues of a setting sun. The arm is dark and silhouetted against the bright background. A small blue light is visible on the boom.

*Styringa og kontrollen i
Forsvarsbygg er tilpassa
eigenarten, risikoen og
vesentlegheita til verksemda.
Vi gjennomfører aktivitetar
i tråd med Forsvars-
departementet sine mål
og prioriteringar, og med
effektiv ressursbruk. Ein
kultur for kontinuerleg
forbetring er navet i arbeidet
med å sikre effektive prosessar
med høg kvalitet.*

Innleiing

Forsvarsbygg har god styring og kontroll på verksemda. Forsvarleg forvaltning og kontinuerleg forbetring utgjer rammene for kulturbygging, organisering, effektivisering og styring av verksemda. I 2019 har vi har i aukande grad teke i bruk analyse og evalueringar som verktøy for å dokumentere røynsler. Gjennom å kople strategiske initiativ til verksemddsstyringa, legg vi til rette for ei meir heilskapleg oppfølging og effektiv gjennomføring.

Styringssystem

Hovudstrukturen i verksemddsstyringa vår ligg fast, og er tilpassa verksemda i eitt- og fleirårig perspektiv. Vi har ein velfungerande økonomimodell, som saman med mål-, resultat- og risikostyring, er navet i den overordna styringa vår. Internrevisjonen har vurdert at den overordna modninga i Forsvaret på styring og kontroll er formalisert, og på veg mot etterleving. På verksemddsniå er denne vurderinga uendra frå 2018. Internrevisjonen peikar på at Forsvarsbygg er i positiv utvikling, og at enkelte element i styringssystemet vårt beveger seg mot kontinuerleg forbetring.

For å stø opp om måloppnåinga og bidra til utvikling av verksemda, har vi samla tryggleiksressursane våre, og restrukturert investeringsverksemda for i større grad å spegle inndelinga Forsvaret har i kapasitetane land, sjø, luft og cyber. Etableringa av anskaffingsavdelinga som ei tverretatleg fagavdeling har gjeve oss meir effektive anskaffingar, og lagt til rette for betre forvaltning og profesjonalisering av leverandør-oppfølginga. Stadig fleire av arbeidsprosessane våre blir definerte og forbetra gjennom bruk av leanbaserte verktøy.

Mål- og resultatstyring

Det overordna målbiletet til Forsvarsbygg ligg fast i langtidsperioden 2017–2020. Vi har fokus på måloppnåing i eittårsperspektiv og for langtidsperioden. Interne strategiske satsingsområde er inkluderte i det overordna målbiletet. Utfordringane knytte til tilgjelege rammer i investeringsverksemda har prega mål- og resultatstyringa vår også i 2019. Analysar av årsaker og verknader, tett oppfølging av risiko og iverksetjing av tiltak på fleire nivå i organisasjonen, har ført til betra måloppnåing i løpet av året.

Risikostyring og intern kontroll

Forsvarsbygg bruker risikostyring som verktøy og metode for å forsterke mål- og resultatstyring i verksemds- og i prosjektstyringa.

Systematiske og regelmessige vurderingar av risiko er ein integrert del av styrings- og rapporteringsprosessane i Forsvarsbygg. Gjennom tidleg iverksetjing av risikoreduserande tiltak, blir kritisk risiko følgd aktivt opp, og bidreg til at vedtekne strategiar blir gjennomførte og fastsette mål og resultat oppnådde.

Vi har i løpet av året teke i bruk eit nytt verktøy for å vurdere risikoen for misleg åtferd i kjerne- og støtteprosessane våre. Arbeidsdeling og tilgangsstyring reduserer risiko for misleg åtferd i anskaffingane våre, og vi har høgt medvit rundt slik risiko i faktura-handteringa.

Internkontrollen legg vekt på etterleving av regelverk og forsvarleg forvaltning. I 2019 innførte vi med god effekt ein meir systematisk struktur for oppfølging av leverandørane våre, og internrevisjonen vurderer oss som leiande i forsvarssektoren når det gjeld tilpassing til nytt personvernregelverk.

Løpende styring, stadfestingsoppdrag og evalueringar gjer at vi kan avdekke avvik og veikskapar i vår interne kontroll, og setje i verk tiltak for forbetring. I 2019 har vi gjennomført ei omfattande kartlegging av kontrollaktivitetane våre. Vi vil bruke resultata frå kartlegginga til å vidareutvikle rammeverket vårt for internkontroll.

Riksrevisjonen

Forsvarsbygg fekk reint revisjonsbrev frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2018. Vi har dei fire siste åra levert rekneskap utan vesentlege feil og manglar.

Verksemddskultur og integritetsbygging

Vi har eit stabilt og høgt medvit rundt integritetsbygging og Forsvarsbygg sine verdiar. Samfunnsansvaret er ein del av visjonen vår, og legg dermed føringar for dei strategiske satsingsområda våre og styringa av verksemda. I løpet av dei siste åra har vi styrkt leverandøroppfølginga, og vi kommuniserer tydeleg haldningane våre mot arbeidskriminalitet til marknaden.

Vi nyttar Forsvarsbygg sine leiar- og medarbeidarprinsipp aktivt i medarbeidarsamtalar, og jobbar systematisk med å byggje ein felles kultur gjennom eigenopplæring og utviklingsprogram for leiarar og medarbeidarar. Vi har også i 2019 teke del i forsvarssektoren sitt nettverk for varslingar, risikostyring og internkontroll.

I enkelte varslingssaker er det indikasjonar på at verdiane våre ikkje er godt nok forankra i organisasjonen. Dette tek vi på alvor. Vi er tilfredse med at talet på varslingssaker som er handtert gjennom varslingskanalen, er stabilt og lågt i forhold til storleiken på organisasjonen. Ei ekstern evaluering av metodikken ved varslingskanalen stadfesta i 2019 at Forsvarsbygg handterer varslingar profesjonelt.

Porteføljestyring

Strategisk porteføljestyring av eigedom og prosjekt er ein del av den strategiske satsinga vår for ytterlegare å profesjonalisere verksemda. Arbeidet med førebuingane til ny investeringsprosess for forsvarssektoren har gått føre seg gjennom heile året. Vi har jobba aktivt opp mot Forsvarsdepartementet og Forsvaret for å sikre påverknadsmogleheter og rammevilkår som vi meiner er kritiske for å kunne stø opp om Forsvaret si verksemd med føremålstenleg og effektive eigedom, bygg og anlegg.

Organisasjonsmodellen vår legg til rette for samhandling og betre styring av prosessar på tvers av avdelingar. Etableringa av anskaffingsavdelinga har lagt til rette for større kontraktar på tvers av prosjekt og regionar. Vi har også etablert eit program for administrative prosjekt, som skal forhindre dupliserte oppgåver og unødvendig byråkrati i organisasjonen.

Vi har eit IT-porteføljestyre for å sikre at vi jobbar med dei riktige IT-prosjekta, og har eit heilskapleg fokus, frå idé til vinstrealisering. Det skal også sikre at prosjekta blir gjennomførte til rett tid, riktig kostnad og god kvalitet.

Tryggleik og beredskap

I løpet av 2019 har vi styrkt rolla vår som tryggleiks- og beredskapsaktør gjennom å kraftsamle tryggleiksressursane. Dette skaper robuste fagmiljø innanfor tryggleik og beredskap, og legg til rette for integrasjon av fagressursane i ordinær drift. Vi vil halde fram med å

vidareutvikle tryggleikskulturen vår, og levere tenestene våre i tråd med forsvarssektoren sine forventningar både som driftsorganisasjon i fredstid og som full beredskapsorganisasjon. Øvingane Trident Juncture og Trident Jupiter gav oss nyttig røynsle i måten vi førebudde og la til rette for Forsvaret sine aktivitetar. Røynslene i 2019 dannar grunnlaget for korleis vi planlegg og førebur den neste store øvinga, Cold Response 2020 og 2022. Forsvaret sine forventningar til oss som beredskapsaktør, og evna vår til å stø opp om Forsvaret i krise og krig, har auka. Derfor vidareutviklar vi systema og prosessane våre for avklaring av rammeføresetnader og effektiv samhandling med Forsvaret.

Tilpassinga til ny tryggleikslov er gjennomført som ein del av omorganiseringa av tryggleiksorganisasjonen. Prinsippa i regelverket ligg til grunn for metodikken vi nyttar i risikovurderingane våre for førebyggjande tryggleik. Det står att noko arbeid for å sikre integrasjon av desse vurderingane i ein heilsakleg og overordna struktur for risikostyring i verksemda.

Informasjonstryggleik og personvern

Implementeringa av personvernforordninga (GDPR) har bidrige til at vi i aukande grad har lagt til rette for personvern i systema våre. Vi har også inkludert omsynet til personvern i prinsippa våre for informasjonsdeling. I 2019 avdekte vi eitt avvik som er meldt til Datatilsynet. Røynslene våre så langt tilseier at rutinane våre for personvern er føremålstenlege og tilstrekkelege, noko Datatilsynet stadfestar. Vi held fram å følgje opp og tilpasse implementeringa av GDPR i 2020. Vi har sett i verk ei årleg evaluering av personvern på avdelingsnivå, som viser at medvitet rundt informasjonstryggleik og personvern er i positiv utvikling.

Under nasjonal tryggleiksmånad fekk alle tilsette opplæring i cybertryggleik, som del av arbeidet vårt med å byggje trygge og effektive digitale medarbeidarar. Vi vil i 2020 halde fram arbeidet med å auke kompetansen på IKT-tryggleik, for alle typar personell i verksemda.

Digitalisering

Vi har ein høg ambisjon for den digitale satsinga vår, og har inkludert satsinga i verksemds- og digitaliseringsstrategien vår. Vi er medvitne om avgrensingane som

følgjer med ny bruk av teknologi, særleg korleis vi kan beskytte informasjon ut frå tryggleiks-, marknads- eller personvernrelaterte omsyn. Digital transformasjon er eit prioritert mål i verksemderinga for 2020.

Inkludering i arbeidslivet

Forsvarsbygg har i 2019 gjennomført fleire tiltak for å styrke arbeidet med inkludering i verksemda. Vi har blant anna innført at vi skal kalle inn minimum éin kvalifisert kandidat med nedsett funksjonsevne til intervju i kvar tilsettjingsprosess. Vi oppmodar personar med nedsett funksjonsevne å søkje i stillingsannonsanane våre, og vi har innarbeidd spørsmål om behov for eventuell tilrettelegging i intervjuguiden vår.

Forsvarsbygg har vore i dialog med fleire NAV-kontor om aktuelle kandidatar i målgruppa for inkluderingsdugnaden.

Av dei nytilsette i 2019 er éin fast tilsett og to mellombelts tilsette i målgruppa for inkluderingsdugnaden. Dette utgjer 1,6 prosent, og er dermed under målet for året. Vi har i 2019 gjennomført ei nullpunktstmaaling for delen nytilsette med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Dette inneber at vi i 2020 vil kunne gjøre betre vurderingar om i kva grad tiltaka har bidrige til eit betre resultat. Dei fleste stillingane i Forsvarsbygg krev tryggleiksklarering, som vil kunne vere utfordrande å oppnå for somme i målgruppa med hol i CV-en.

Vi har i løpet av året utarbeidd ein handlingsplan for å auke inkluderinga i Forsvarsbygg, og sett oss eit mål om at fem prosent av nytilsette i 2020 skal ha nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Handlingsplanen vidarefører aktivitetane frå 2019, men inneheld også nye tiltak. Vi vil i 2020 blant anna legge til at personar med hol i CV, blir oppmoda om søkje i stillingsannonsanane våre. I tillegg vil vi sende ut informasjon til leiarar i nyhendebrev og på leiarsamlingar, og legge til rette for deltaking i traineeprogrammet i staten for personar med nedsett funksjonsevne og høgare utdanning.

Dugnad for arbeidslivskriminalitet

Forsvarsbygg har i 2019 etablert ein ny anskaffingsstrategi, der nedkjemping av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet inngår i eitt av satsingsområda. Vi har seriøsitetskrav i kontraktane våre, som er basert på dei tilrådde krava frå Direktoratet for forvaltning og IKT, Fellesforbundet, Byggenæringens landsforening og

Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon i Noreg. Krava inkluderer løns- og arbeidsvilkår for tilsette og innleigde, krav til maksimalt to ledd underentreprenørar, minimum 40 prosent faglærte og 5 prosent læringer, medlemskap i StartBANK, rapporteringsplikt til sentralskattekontoret for utanlandssaker og godkjenning av bruk av enkeltpersonsføretak og innleige. I tillegg har vi ein samarbeidsavtale med Skatteetaten, der føremålet er å utveksle opplysningar som bidreg til at Forsvarsbygg som oppdragsgjevar har leverandørar og underleverandørar som opptrer i samsvar med norsk skatte- og avgiftslovgjeving. I 2019 har vi auka kompetansen i organisasjonen om desse tiltaka ved å halde kurs og gjere leiarar og medarbeidarar medvitne om etablerte prosedyrar.

I 2019 har vi vidareutvikla eksisterande prosedyrar og verktøy for å vareta at gjeldande lover og krav blir følgde opp i anskaffings- og kontraktsperioden. Vi går gjennom krav for å førebygge arbeidslivskriminalitet på oppstartsmøte og byggjemøte med leverandørar, og hovudleverandørane våre rapporterer månadleg til oss om delen fagarbeidrar og læringer. Vi har frå 2019 innført systematiske stikkprøvekontrollar, og gjennomfører elles stikkprøvar av arbeidstakarar sine løns- og arbeidsvilkår i kontraktsperioden etter vurdering. I utbygginga av kampflybasen på Ørland har vi engasjert ein LO-koordinator, som har lagt til rette for at Forsvarsbygg har vareteke plikta si til å følgje med. Hausten 2019 engasjerte vi også ein LO-koordinator i utbygginga av den framskotne kampflybasen på Evenes.

I løpet av året 2019 henta vi inn og vurderte utvida skatteattest frå Skatteetaten for cirka 115 leverandørar og underleverandørar. Vi har brukt sanksjonsrettane i kontraktane for å få retta opp avvik, og har heva éin kontrakt og gjeve leverandøren bot for brot på løns- og arbeidsvilkår, og for brot på krav om læringer og faglærte. Det har også vore tilfelle der restansar på skattar og avgifter har vorte betalte etter kontroll av utvida skatteattest.

Forsvarsbygg initierte hausten 2019 eit samarbeid i forsvarssektoren, som blant anna omfattar arbeid med nedkjemping av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2020.



5

Framtidsutsikter



Forsvarsbygg er inne i siste del av gjeldande langtidsplan for forsvarssektoren (2017–2020), og på god veg med å realisere målsetnadene i planen innanfor eideom, bygg og anlegg. Forsvarsbygg si utvikling og leveransar er ein del av moderniseringa av Forsvaret for å auke operativ evne, samtidig som bruksverdien på eksisterande eideomsportefølje skal haldast ved lag.

MÅL L1 Stø opp om den operative evna og beredskapen i Forsvaret

Eigedomar, bygningar og anlegg (EBA) er ein vesentleg innsatsfaktor som må fungere i fredstid, krise, konflikt og krig. Eigedomane og organisasjonen til Forsvarsbygg må kunne stø opp om treninga og øvingar til Forsvaret på ulike scenario. Dette inneber å halde oppe og vidareutvikle prioritertebygg og anlegg, og inngå bilaterale avtalar med Forsvaret om beredskapsarbeid. Beredskapen vil også bli styrkt gjennom auka bruk av sivile leverandørar og sivile kapasitetar. Vi vil byggje vidare på røynslene våre frå øvinga Trident Juncture 2018, når vi i 2020 og 2022 skal leggje til rette for at allierte styrkar kan øve i Noreg under øvingane Cold response. Vi er i gang med å vidareutvikle det operative planverket vårt, basert på nasjonale og allierte forsvarsplanar. Dette vil gjøre at vi i endå større grad kan stø opp om forsvarssektoren med EBA i fred, krise og krig i åra som kjem.

Vi forventar eit framleis høgt aktivitetsnivå for tryggleksfagleg rådgjeving, prosjektering, forsking og utvikling attåt risiko- og sårbarheitsanalysar. Vi held fram det internasjonale forsøkssamarbeidet SHIELD (Super Heavy Improvised Explosive Loading Demonstration), og har leiinga i å studere verknader av eksplosjonslaster på ulike sivile og militære konstruksjonar og materiell. Prosjektet skaper ei samarbeidsplattform mellom dei ulike nasjonane, og gjev oss høve til å sikre tilgang til forsøksdata for sivilt og militært vern.

MÅL L2 Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporføljen

Forsvarsbygg skal stø opp om ei berekraftig og kostnadseffektiv utvikling av Forsvaret gjennom utvikling av eigedomsporføljen i samsvar med vedteken struktur. Forsvarssektoren er i omstilling, med auka satsing på Forsvaret si operative evne, innføring av nye materiellsystem, ny teknologi, høgare beredskap og kortare klartider. Eigedomsporføljen skal stø opp om verksemda til Forsvaret og bidra til Forsvaret si kampkraft. Samtidig må strukturen vere berekraftig over tid. Det er derfor framleis nødvendig med ei effektivisering av eigedomsporføljen. I arbeidet med neste langtidsplan for forsvarssektoren ser vi eit framleis ønske om store investeringar i eigedom,

bygg og anlegg, med ei klar prioritering av omstillinga i Forsvaret og EBA til nye materiellsystem. I tillegg er det store behov for å investere i utskifting og fornying av ein aldrande bygningsmasse og infrastruktur. I åra som kjem, vil vi halde fram med satsinga på standarisering gjennom modulbygg, strategiske anskaffinger og samarbeid med sivile leverandørar for meir effektive leveransar.

Dei største geografiske satsingsområda for utvikling av eigedom, bygg og anlegg vil vere knytte til Finnmark landforsvar, styrking av Hæren i Indre Troms og Østerdalen, ferdigstilling av kampflybasen Ørland, vidareutvikling av Værnes for auka verksemd, og etablering av basen på Evenes for maritime patruljefly og F-35. I tillegg kjem fasilitetar for nye ubåtar på Haakonsvern, og ei landsdekkjande satsing på etablering av operative flater og infrastruktur til allierte forsterkingsstyrkar, luftromsovervakning og skermingsverdige objekt.

For å finansiere inneverande langtidsplan, og bidra til finansiering av forsvarsstrukturen i neste langtidsperiode, har forsvarssektoren behov for å avhende mykje EBA dei neste åra. Dette vil seie at vi saman med Forsvaret må syte for at eigedomar som det ikkje lenger er bruk for, blir utrangerte og selde.

Rammevilkåra for arealbruken i Forsvaret blir utfordra som følge av sivil utvikling på Forsvaret sine naboareal. Den strategiske dialogen med sivile planstyresmakter er derfor svært viktig for å sikre Forsvaret langsiktige og gode rammevilkår.

MÅL L3 God forvaltning av eigedomar, bygg og anlegg som tilhører forsvarssektoren

Forsvarsbygg skal sikre at forsvarssektoren sin eigedomsporfølje er berekraftig og kostnadseffektiv. Dette skal gjerast gjennom langsiglig verdibeverande forvaltning av eigedomsporføljen, medrekna bruksverdi, økonomisk verdi, og verneverdi. Det overordna målet med forvaltninga er at all ressursbruk skal skape funksjonell EBA som tilfredsstiller Forsvaret sitt behov og sikrar best mogleg totaløkonomi i forsvarssektoren. Ressursinnsatsen skal vareta lovpålagde krav for heile porføljen og prioriterast mot bruksverdien på dei basane som er viktigast for den operative evna til Forsvaret, og som skal vidareførast i forsvarsstrukturen. Trass i store EBA-investeringar er det utfordringar knytt

til forsvarssektoren sin eigedomsportefølje. Tilstandsgraden har framleis ei negativ utvikling. Alderen på dagens EBA tilseier framleis eit stort framtidig behov for fornying av eksisterande eigedomsportefølje. Det er derfor avgjerande å sjå innsatsfaktorar og prioriteringar i samanheng for å få mest mogleg ut av pengane.

Store delar av infrastrukturen knytt til forsvarssektoren sin eigedomsportefølje er gammal og treng oppgradering. Dette, i kombinasjon med auka tilrettelegging for plassar/campar og infrastruktur for alliert mottak, gjer at det må brukast meir ressursar på infrastruktur. Digitalisering av kapasitetar er ein føresetnad for dette, og for å effektivisere forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomsporteføljen. Auka beredskap og kortare klartider medfører at eigedomar som er avgjerande for Forsvarets beredskap, må fungere frå dag éin. Dette krev eit høgare drifts- og vedlikehaldsnivå for denne delen av porteføljen.

Vi er opptekne av å halde ved lag opne og tilgjengelege festningar for publikum. Dette føreset auka inntekter. I 2020 skal vi vurdere ulike forvaltningsalternativ for åra som kjem, og vi vil halde fram arbeidet med å auke festningsverka si evne til sjølvfinansiering.

Mål Ø1 Målretta og effektiv bruk av midlar

I komande langtidsperiode forventar vi framleis ein auke i investeringsramma. Det vil vere nødvendig å forsterke porteføljestyringa gjennom å ha forløpende tilgang på eit tilstrekkeleg tal prosjekt, for å sikre fleksibilitet dersom det skjer endringar undervegs. Dette vil føre til ein meir effektiv bruk av ressursane og ei betre utnytting av rammene. Dei nye retningslinjene for investeringar i forsvarssektoren vil krevje eit endå tettare samarbeid med Forsvaret enn tidlegare.

Auka alliert verksemد, som krev klargjering og etablering av fasilitetar med til dels korte varslingsfristar, gjer det krevjande å nytte ressursar målretta og effektivt til forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av eigedomsporteføljen. Det er derfor vesentleg at Forsvarsbygg kjem så tidleg som mogleg med i planlegging av øvingar. Forsvarsbygg forventar å nå målkravet om vinstrealisering i inneverande langtidsperiode. I 2020 held vi fram forbetningsarbeidet med særleg vekt på strategisk anskaffingsarbeid, digitalisering og ytterlegare prosessforbetringer. Vi har teke del i arbeidet

med effektivisering og vinstrealisering for neste langtidsperiode 2021–2024, og vil i 2020 få endelege effektiviseringskrav i etterkant av stortingsbehandlinga av ny langtidsplan for Forsvaret.

MÅL I1 Kontinuerleg forbetring og effektivisering

Forsvarsbygg jobbar kontinuerleg og målretta med å redusere dei årlege drifts- og investeringskostnadene til eigedom, bygg og anlegg i forsvarssektoren. I forbetnings- og effektiviseringsarbeidet forventar vi at det er særleg arealeffektivitet, digitalisering, anskaffingar og prosessforbetringer som vil gje dei største vinstane. Den nye verksemds- og digitaliseringsstrategien vår skal bidra til å skape auka operativ evne gjennom å nytte sikre digitale løysingar som bidreg til betre innsikt i bruk, tilstand og moglegheiter i eigedomsporteføljen vår. Målet er raskare avgjerdssprosessar baserte på oppdatert informasjon, og å auke effektiviteten gjennom ressursfrigjering og auka kvalitet. Blant anna skal vi digitalisere verdikjeda for EBA, digitalisere bygga og bruke digitale løysingar for å forbetra rapportering og styring.

Ein viktig føresetnad for effektivisering er at effekten av inngåtte avtalar i den opne marknaden blir utnytta godt. Forsvarsbygg sin anskaffingsstrategi har profesjonalisert og styrkt anskaffingsfunksjonen, noko vi forventar vil gje vinstar i form av betre avtalar, betre oppfølging av avtalar og garantiar, standardiserte prosessar og løysingar. Arbeidet med å kartlegge effektiviserings- og vinspotensial ved ulike samarbeidsformer med sivile aktørar er ein prosess som går føre seg. Det er investeringsanskaffingar som vil gje dei største kvantitative vinstane, men betre driftsanskaffingar vil også bidra til effektivisering. Forsvarsbygg vil vidareføre og styrke arbeidet med kontinuerleg forbetring av arbeidsprosessane våre i åra som kjem. Vi vil også bidra inn i det sektorovergripande arbeidet på modernisering for å sikre framtidige krav til effektivisering og vinstrealisering.

6

Årsrekneskap

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverkt, det vil seie kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen og periodisert verksemderrekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Leiingskommentar til årsrekneskapen

Føremål

Forsvarsbygg vart oppretta i 2002 og ligg under Forsvarsdepartementet. Samfunnsoppdraget til Forsvarsbygg er planlegging, anskaffing, drift og avhending av forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg (EBA) med føremål om å stø opp om målsetnaden om å etablere eit forsvar for tida vi lever i. I tillegg forvaltar Forsvarsbygg militære festningar med føremål om å skape nytt liv på historisk grunn. Årsrekneskapen utgjer del 6 i årsrapporten til Forsvarsbygg.

Stadfesting

Forsvarsbygg leverer rekneskap etter to finansielle rammeverk, det vil seie kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen og periodisert verksemderrekneskap i samsvar med dei statlege reknesaksstandardane (SRS).

Årsrekneskapen er avgjort i samsvar med vilkår om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv fra Finansdepartementet (R-115) og krav frå Forsvarsdepartementet i instruks om økonomistyring.

Rekneskapen gjev eit dekkjande bilet av Forsvarsbygg sine disponible løyingar, reknesaksførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

Resultatdisponering

Totalt hadde Forsvarsbygg eit driftsresultat på 156 millionar kroner i 2019, som utgjer 2,4 prosent av dei totale driftsinntektene. Hovuddelen av driftsresultatet gjeld nettoresultat knytt til avhending av eigedomar, bygg og anlegg.

Forsvarsbygg har eit netto positivt resultat i kontantrekneskapen på 31 millionar kroner for 2019. Dette består av eit positivt nettoresultat knytt til avhending av eigedom, bygg og anlegg på 268 millionar kroner fråtrekt netto driftsutgifter på 237 millionar kroner.

Vurdering av løyvingsrekneskapen

